



STIFTINGA  
HILMAR ALEXANDERSEN



MSFF

MIDTNORSK SENTER FOR  
FOLKEMUSIKK OG FOLKEDANS



HILMAR  
FESTIVALEN



FOLK JAZZ  
SCENA



HILMAR  
QAS

Styrets årsmelding 2018

## Innhold

# STIFTINGA HILMAR ALEXANDERSEN



1	Verksemda .....	1
1	Verksemda .....	3
2	Fagleg aktivitet .....	4
2.1	Midtnorsk senter for folkemusikk og folkedans .....	4
2.2	Folkjazzscena i Nord-Trøndelag .....	7
2.3	Hilmar AS .....	8
2.4	Hilmarfestivalen .....	9
3	Generelt om året .....	13

# 1 Verksemda

Stiftinga Hilmar Alexandersen har sete i Steinkjer kommune.

## Formål

Stiftinga Hilmar Alexandersen er ei ideell stifting og skal vere ein arena for å fremje tradisjonskultur og kultur som næring. Stiftinga har som formål å gjennomføre ein årleg folkemusikkfestival med konsertar, kurs og andre aktivitetar knytt til tradisjonsmusikk, -song og -dans gjennom Hilmar Alexandersen folkemusikkfestival og andre aktivitetar gjennom året i tråd med formålet.

## Arbeidsmiljø

Stiftinga si verksemd forurensar ikkje det ytre miljøet.

Det er i rekneskapsåret ikkje registrert arbeidsuhell eller ulykker som har resultert i personskader eller materielle skader.

## Grunnfondsinnskytarar

Stiftinga har 13 grunnfondsinnskytarar.

- Steinkjer kommune
- BUL Steinkjer
- Inntrøndelag Ungdomssamlag
- Noregs Ungdomslag
- Nord-Trøndelag musikkråd
- Kunnskapsparken Steinkjer AS
- Trøndelag Folkemusikklag
- FolkOrg
- Verdal juniorspellmannslag
- Steinkjer Kunstforening
- Dampsaga Bad og Kulturbygg
- Sør Trøndelag Ungdomslag
- BUL Nidaros

## Styret i meldingsåret

- Susanne Bratli, leiar
- Anne Haga, nestleiar
- Geir Egil Larsen
- Grete Waaseth
- Bjørn Ludvig Bergsmo

## Arbeidsforhold og administrasjon

Dagleg leiar Johan Einar Bjerkem hadde i 2018 70 % stilling Terje Tranås vart tilsett som arrangementssjef i 60 % stilling ved årsstart, og Ian Gillan har vore tilsett i 80 % stilling som prosjektleiar. Kristin Myrmel har vore hyra inn som administrasjonssjef i 40 % stilling frå Steinkjer Kulturskole frå og med februar.

Alle så nær som dagleg leiar har vore nye på kontoret dette året, og året har vore prega av opplæring. Dei nye tilsette har tatt til seg oppgåver veldig raskt, og har arbeidd svært effektivt. Året har også vore prega av ei langvarig sjukmelding pga ytre årsaker. Det er ved utgangen av året tilsett ei kvinne og tre menn i stiftinga. Styret ser ingen grunn til å sette i verk tiltak for å fremme likestilling.

Stiftinga Hilmar Alexandersen kjem inn under lov om obligatorisk tenestepensjon, så det er inngått avtale om tenestepensjon for dei tilsette.

I arbeidsåret 2018 er det halde 6 styremøte og behandla 24 saker. Årsmøtet vart halde 23. april.

## 2 Fagleg aktivitet

Styret har brukt ein del tid på å diskutere ideologisk grunnlag og arbeidsområde for stiftinga, og stiftinga har i tillegg til Hilmarfestivalen arbeidd med ei lang rekke prosjekt i tråd med formålet. Under følgjer ei oppsummering av det faglege arbeidet i Stiftinga.

### 2.1



Sentret har støtte frå Norsk Kulturråd, Trøndelag fylkeskommune og Steinkjer kommune. Styret har av den grunn vedtatt at arbeidet skal konsentrerast om Trøndelag.

Sentret hadde i 2018 fire hovudoppgåver

1. Styrking av arrangørar
2. Styrking av profesjonelle utøvarar
3. Styrking av folkedansen

Det er gjennomført møter med mange aktørar innanfor fagfeltet i løpet av året. Dette har både vore rådgevingsmøter, og møter der ein saman har prøvd å legge opp strategiar på ulike stader i regionen. I løpet av året vart det bestemt at ein frå 2019 skal begynne å arrangere konsertar også i sørdelen av fylket. Utanom Røros og Trondheim blir det så å seie ikkje arrangert konsertar med profesjonelle folkemusikarar i sørdelen av fylket. Det er også arrangert kurs i folkedans for ungdom.

#### **Andre tiltak**

Det er gjennomført faglege turar mellom anna til studietur til Stjørdal og Røros for å sjå på arbeid der, samt til Troms Museum.

Dagleg leiar har sitte i styringsgruppa i prosjektet «Interaktiv danseformidling» - eit treårig prosjekt i regi av Norsk senter for folkemusikk og folkedans (SFF) saman med Musea i Sør-Trøndelag. Dette prosjektet vart avslutta i løpet av 2018.

Dagleg leiar sit også i Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff), som skal ha ein koordinerande funksjon for fagfeltet på landsplan. Gjennom dette vervet leier han også ei koordineringsgruppe for folkedansen i Noreg som består av representantar frå Rff, Sff, NU, FolkOrg og Riksscenen.

Det er også arbeidd ein god del med immateriell kulturarv. Dagleg leiar har vore på fleire møte på nasjonalt plan om immateriell kulturarv, og under Hilmarfestivalen var det også fleire tiltak for å styrke arbeidet med immateriell kulturarv på brei front i distriktet.

#### **Forprosjekt om nettverkssenter for immateriell kulturarv (arbeidstittel)**

Dette arbeidet har skjedd i samarbeid med fleire organisasjonar gjennom år, blant anna grunnfondsinnskytarane våre, Norges Husflidslag, Saemien Sitje, Nord-Trøndelag kulturvernråd, Fortidsminneforeninga i Steinkjer, Stiklestad Nasjonale Kultursenter, Kommuneantikvaren i Steinkjer og Steinkjer bibliotek. Som ein konsekvens av dette, bestilte Stiftinga ei utgreiing om ei muleg oppretting av eit Midtnorsk senter for immateriell kulturarv i 2017 med påfølgande seminar.

I 2018 bestilte Stiftinga nok ei utgreiing frå Trøndelag Forsking og Utvikling om temaet, og Roald Lysø har arbeidt med dette saman med Stiftinga og samarbeidspartnarar gjennom heile året. Utgreiinga vil kome ut i løpet av februar 2019.

### **Hilmarprisen**

I 2018 vart prisen tildelt Ragnhild Hemsing. I juryen sat: Geir Egil Larsen for Stiftinga Hilmar Alexandersen, Anders Skaugen for Nord-Trøndelag fylkeskommune og Svein Kåre Haugen for Steinkjer kommune. Johan Einar Bjerkem var sekretær for juryen. Stiftinga arbeider for å fornye prisen.

### **Folkemusikksamlinga i Nord-Trøndelag**

I 2017 kalla Stiftinga Hilmar Alexandersen inn til møte om framtida til samlinga under Hilmarfestivalen. Det vart sett ned ei interimstyregruppe som skulle sjå på lagring og organisering av samlinga. I løpet av 2018 vart det laga lover og valt styre: Marit Vestrum er styreleiar og Trygve Skavhaug og Line Thorsen er styremedlemmer. Det vart etter stor innsats, spesielt frå Marit Vestrum, søkt støtte til arbeidet frå fleire instansar. Det vart løyva pengar, mellom anna frå Norsk Kulturråd. Samlinga vart i løpet av året flytta frå Nord Universitet (der forholda ikkje var gode) til Norsk Senter for folkemusikk og folkedans i Trondheim. Samlinga ligg no deponert trygt. Stiftinga har tatt på seg å forvalte tilskota til samlinga, og betale ut etter kvart som ulike prosjekt for samlinga skrid fram.



2018 var det sjette og siste året vi var sekretariat for paraplyorganisasjonen Nordlek som består av 22 organisasjonar frå heile Norden. Steinkjer kommune trekte tilbake støtte si til dette arbeidet, og vi fekk heller ikkje støtte frå Trøndelag fylkeskommune til dette formålet. Vi valte derfor å avslutte samarbeidet med Nordlek-organisasjonen i juli 2018.



# HilmART

HilmArt er kunstsatsinga til Stiftinga. Målet til HilmART er å la samtidskunst møte og gå i dialog med tradisjonskulturen. Styret har nedsett ei styringsgruppe som består av Anne Mette Hegdahl (leiar), Robert Øfsti og Inger Lillesand.

HilmArt stod bak ni utstillingar gjennom året, spesielt var satsinga stor under Hilmarfestivalen, og HilmArt samarbeidte med mange partar. HilmArt var også med på å løfte satsinga til Steinkjer Kulturskole under Lysvandringa, og sørga for eit stort og rikholdig sideprogram til den store satsinga rundt danseforestilling Sankthansnatt på Inderøen. Her vart mellom anna ein klasse på Steinkjer vgs involvert.

Dei anerkjente kunstnarane Helga Bøe, Karin Blomberg og Per Formoe (den siste i regi av Steinkjer Kunstforening) var hovudutstillarane i 2018.



## **Uppdal-dåggån**

Stiftinga hjelpte til og samarbeidte med den frivillige organisasjonen Kristoffer Uppdals venner om gjennomføring og PR for Uppdal-dåggån 2018. Dette er ein liten litteraturfestival og Uppdal-dåggån gjennomførte 12 arrangement i to ulike byar, og var godt besøkt. Det var mellom anna konsertar, filmframsyningar, akademisk litteraturseminar, foredrag og bokpøbb.

## **Hilmartalentet**

er eit nasjonalt utviklingsprogram for toppsjiktet av unge folkemusikarar og dansarar i Noreg, i regi av Stiftinga Hilmar Alexandersen i samarbeid med Sparebank1 Midt-Norge og Talent Norge.

Talentprogrammet er det første nasjonale talentprogrammet for folkemusikk gjennom ordninga til Talent Norge. Juryen er leia av Steinar Ofsdal. Første talent er Helga Myhr – og første mentor er Tuva Syvertsen.

Talentet følgjer programmet gjennom tre år. Talenta vil delta i konsertar på Hilmarfestivalen, i konsertturné gjennom FolkJazzScena i Nord-Trøndelag. Hilmartalentet vil gjennom utviklingsprogrammet også få bistand til å nå marknaden gjennom booking- og managementhjelp.



Talent Norge  
talentnorge.no



SpareBank 1

### **Eksport av trøndersk tradisjonskultur**

Stiftinga er prosjektleiar for eit treårig prosjekt med støtte frå fylkeskommunen. Målet med prosjektet er å utvikle metodar som vil gi auka internasjonal synlegheit for regionen gjennom opplevingar av og eksport av autentisk tradisjonskultur. Vi samarbeider med både med reiselivsbedrifter og folkemusikarar.

Prosjektdeltakarane ønsker å sette Norges geografiske Midtpunkt på kartet som eit internasjonalt reisemål. Prosjektet skal identifisere, utgreie, bygge og prøve ut konseptar som skal sørge for internasjonalisering av reiselivspakkar bygd på autentisk tradisjonskultur frå distriktet. Funna kan gjerast tilgjengelege for reiselivs- og kulturaktørar i heile regionen (begge bransjar). Stiftinga har i 2018 mellom anna arrangert studietur, utvikla filmar og pakkar med opplevingar, mat, og musikk. Vi samarbeider tett med Visit Innherred i prosjektet. Prosjektet blir etter planen avslutta i februar / mars 2019.

### **Samarbeid med Ole Bull-akademiet**

I samarbeid med Ole Bull Akademiet gav vi fire utanlandske studentar ei innføring i norsk og trøndersk folkemusikk og folkedans. Dei fire var ein del av eit utvekslingsår på Trøndertun, og kurset Stiftinga var ansvarleg for gjekk over ei veke.

## **2.2**



FiNT er Stiftinga sin heilårscene. Her samarbeider vi med Levanger Jazzklubb, slik at vi arrangerer jazzkonsertar og folkemusikk-konsertar både på Namsos, i Levanger og på Steinkjer.

Vi arrangerte 21 konsertar på våren og 15 på hausten, totalt 36 konsertar. Vi er med dette blant dei store heilårsarrangørane i landet. Vi har frivillig-grupper beståande av ei praktisk gruppe i kvar by, og i tillegg har vi ei bookinggruppe for jazz og ei for folkemusikk, samt ei eiga PR-gruppe. Terje Tranås leidde arbeidet med FiNT frå kontoret si side. FiNT har også godt samarbeid med Midtvinterdansen i Verdal og Vrimmelfestivalen, og programmerer også barnekonsertar.

Tiltaket blir tatt godt imot av artistar, som set pris på å få ein liten miniturne i distriktet. Enno har vi ein jobb å gjere når det gjeld publikumsbygging, men vi ser at godt arbeid også lønner seg på lengre sikt her.

Blant artistar i 2018 kan vi nemne Mortensson / Herskedal, Ole Nilsen, John Pål Inderberg Trio, Mjelva /West, Brazz Bross, Transjoik, Quintus, Hegge, Juno, Kongero og Hot Club de Norvege.

## 2.3



Hilmar AS er eit heileigd dotterselskap av Stiftinga. Hilmar AS skal arbeide med kommersialisering av folkemusikken og folkedansen i distriktet vårt, og skal både selje tenester til Stiftinga og eksternt.

I styret for Hilmar AS sat i 2018 Susanne Bratli (styreleiar), Anne Haga og Eivind Berre. Johan Einar Bjerkem var dagleg leiar i Hilmar AS.

Stiftinga Hilmar Alexandersen har følgd arbeidet i Hilmar AS gjennom året, og er fornøgd med at selskapet viser balanse i 2018.

Det vart i løpet av året gjennomført sal for fleire aktørar til den kulturelle skolesekken ulike stader, og også andre sal med artistar til konsertarrangørar. 2018 vart det også for første gong selt folkloreforestillingar til cruisebåtar i Trondheim. Dette er eit produkt Hilmar AS vil forsøke å arbeide meir med.

Hilmar AS har eiga årsmelding.





## 2.4



# HILMAR FESTIVALEN

Det årvisse hovudarrangementet vårt er Hilmar Alexandersen Folkemusikkfestival, og 2018 var 13. året med Hilmarfestival i stiftinga sin regi (15. gong totalt) og styret kan på nytt sjå tilbake på ein godt avvikla festival 3. - 11. november.

### **Organisasjon**

Vi arbeidde også i 2018 mye med frivillighetsorganisasjonen, og alle i hovudkomiteen i år bortsett frå festivalsjefen var nye. Det er stadig behov for endringar og forbetringar. Alle styremedlemmer var i år engasjert i nemndarbeid, og har lagt ned stort arbeid.

Totalt var det ca. 120 frivillige som var involvert i Hilmarfestivalen, og vi set stor pris på den innsatsen dei alle viser.

Maten vart i 2018 igjen organisert som ein del av frivilligheita, dette året med BUL Steinkjer i spissen og vi fortsette med å legge på nytt parkettgolv i foajeen i Dampsaga. Begge deler er arbeidskrevande, men dette var med på å gi heile festivalen eit godt løft og fint miljø.

### **Program**

Hilmarfestivalen 2018 hadde omtrent 70 arrangement. Her kan vi berre nemne nokre få av dei:

Vi hadde opningsforestillinga på onsdag 7. november, men tjuvstarta allereie laurdag 3. november – og vara over ei veke. Eit kunstprogram i tillegg til kurs, seminar, lysvandring, dansefestar og konsertar skapte tidvis ein folkefest i Steinkjer.

2018 vil gå inn i historia som eitt av dei store Hilmarfestivalåra! Vi hadde fleire urpremierer, og spennande samarbeid med mange partar. Vi klarte også å få desse urpremierene ut på veggen og spelt fleire stader.

Opningskonserten var ved Trondheim Symfoniorkester under leiing av dirigent Øyvind Bjorå med solistane Einar Olav og Gjermund Larsen, Ragnhild og Eldbjørg Hemsing. Karl Johan Ankarblom hadde laga ei eiga «Hilmarsuite». Denne forestillinga vart framført fire gongar til, og spelt inn av NRK P2. Steinkjer kyrkje var utselt, slik ho var kvelden i forvegen med konsert av Bjørn Eidsvåg. Dette var den einaste kyrkjekonserten Bjørn Eidsvåg spelte på turneen sin, og begge desse konsertane rørte folk til tårer.

Konserten med nyskrive og nyarrangert musikk av den svenske duoen Lisa's saman med Trondheimsolistene var også utselt. Dette var også ein urpremiere, der deler av konserten likevel var framført på Trondheimsolistene si 30-årsfeiring kvelden før i Trondheim. Etter urpremierer på Hilmarfestivalen reiste denne produksjonen ut på turne og spelte 6 andre stader i Trøndelag.

Den største satsinga vår var likevel urpremierer på danseforestillinga Sankthansnatt på Inderøen. produsent Dans i Trøndelag ved dagleg leiar Anna Hegdahl. Koreograf var Odd Johan Fritzøe i denne heilaftens danseforestillinga som var inspirert av maleriet frå 1903 med same namn av Einar Øfsti. Saman med co-produsent Turneteatret i Trøndelag turnerte denne forestillinga den

påfølgande veka, før Landsdelsscenen i dans i Ål og Riksscenen i Oslo avslutta turneen. Gjermund Larsen komponerte musikken, og fekk også sin debut på scenen i denne forestillinga med fire andre dansarar. Vi laga også eit større sideprogram knytt opp til denne forestillinga.

Av andre nyskapingar i årets festival kan vi nemne at det vart gjort eit pilotforsøk med fleire forteljarforestillingar. For første gong vart også Hilmars Marked arrangert, med over 20 stand-deltakarar på Torget laurdag. Dette i samarbeid med organisasjonen Bønder i Byen. Det var servering og sal av kortreist mat, og også musikk og forteljarinnslag. Ein del mat vart også presentert frå scenen. Begge nyskapingane gjekk bra, og vi høsta også mye god lærdom som vi vil ta med oss vidare, og forbetre dette til seinare år..

Av programmet elles kan vi nemne ei bra Spellmannsmønstring og gode Etter-jobbenkonsertar som trekte mange folk. Eit seminar om immateriell kulturarv vart også fullt med innleiarar frå regionalt, nasjonalt og internasjonalt plan, og gav gode innspel til vidare arbeid. Hilmarkkonserten var ved Sturla Eide – og han stod fram som ein forteljar og musikal av rang og fortalte levande frå sitt musikalske liv i ein imponerande solokonsert.

### **Satsing på barn og ungdom**

Vi har fleire prosjekt for barn- og ungdom under Hilmarfestivalen, og i alt gir vi gratis kurs og konsertar til 1800 barn og ungdommar gjennom

- Kurs torsdag 8. november for 150 elevar ved kulturskolane i Steinkjer, Snåsa, Verran, Verdal, Stjørdal og Meråker kommunar, samt elevar ved Inderøy vgs.
- Dansekurs, foredrag, konsertar og utstillingar for 900 barn, fredag 9. november (alle 5, 7. og 10. klassane i Steinkjer).
- Hilmar:UNG: Ei helgesamling for både musikalrar og dansarar frå fredag til søndag 9.-11. november
- Vi arrangerte Barnas Dag laurdag 10. november for barn mellom 6 og 12 år. Her var det leiking, kurs og konsert.
- I samarbeid med Steinkjer kulturskole får elevane her gjennomført fleire konsertar alle dagar under Hilmarfestivalen.



Alle barn under 12 år går gratis på alle arrangement på festivalen, og alle under 18 eller som har studentbevis får halv pris på alle billetter.

### **Trøndelag – Norges mest spennende festivalregion**

Hilmarfestivalen er med i eit nettverksprosjekt støtta av Innovasjon Norge saman med med fleire andre festivalar som Olavsfestdagane, Kamfest, Elden på Røros, Trøndersk Matfestival og Bryggerifestivalen, Olsokdagene på Stiklestad og Revyfestivalen på Høylandet, samt NSB, Trøndelag Reiseliv, Visit Trondheim og Visit Innherred.

Målet med prosjektet er at ein skal auke talet på nasjonale og internasjonale besøkande på trønderske festivalar og arrangement. Hovudarbeidsområda er (direkte saksa frå prosjektbeskrivinga):



### **Generelt om Hilmarfestivalen**

Hilmarfestivalen 2018 har gått over i historia med mange positive forteikn. Ein festival med folkemusikktilbod for ein kvar smak og med stor spennvidde.

Eit svært viktig punkt er at uansett spennvidde så må ein ikkje gløyme tradisjonsmusikken som Hilmar sto for, og vi har også ei rekke solokonsertar under festivalen. Vi er glade for at vi har god kontakt med familien til Hilmar Alexandersen i samband med avviklinga av Hilmarfestivalen kvart år.

Det er også gledeleg å ta med seg den positive responsen festivalen har hos små og store bidragsytarar. Spesielt gledeleg er det at Norsk Kulturråd støttar opp, og at vi no får treårig støtte frå Kulturrådet, og no ser vi også at vi no nærmar oss folkemusikkfestivalar vi kan samanlikne oss med når det gjeld både organisering, storleik og kunstnarisk innhald og som ligg meir sentralt på Austlandet i støtte. Dette er styret fornøgd med. Dette er viktig både for oss som festival, men også for kulturtilbodet i distriktet og regionen, og musikklivet her.

Vi har også i 2018 hatt gode sponsorar i Sparebank1 SMN, Trønder-Avisa, NSB og Smart Media. Spill Norsk, Rådet for folkemusikk og folkedans og KOMP er også gode støttespelarar. At Steinkjer kommune, som vi også har treårig avtale med og Trøndelag fylkeskommune, som vi har toårig støtte frå, ser på Hilmarfestivalen som eit årsikkert og velorganisert arrangement er og gledeleg.

1. Felles omdømmebygging og kjennskap til Norges mest spennende festivalregion og konkret salg de enkelte festivaler og arrangementer (herunder pakker) mot nasjonale og internasjonale målgrupper.
2. Utvikling av publikumsopplevelsen «på scenen». Dette gjelder både selve festivalinnholdet (kjerneopplevelsen) og totalopplevelsen (samspeilet mellom stedet og festivalen/arrangementet – det vil hele «kundereisen» og alle gjestens møter med lokale tilbydere og tjenester).
3. Kompetanse og utvikling av arrangementsgjennomføringen bak scenen», herunder både arrangementstekniske elementer (profesjonalisering) og kostnadseffektivisering (smarte fellesløsninger).

### **Nokre tal**

Totalt hadde vi omtrent 70 ulike programpostar under Hilmarfestivalen 2018, omtrent 200 profesjonelle musikarar og artistar på scenen, og over 1000 amatørar.

Vi hadde i tillegg ca. 9 000 besøkande, og av desse var det ca. 1800 barn og unge på kurs, seminar og forestillingar. I tillegg kjem dei som var på kunstutstillingane. Dette er tangering av vår eigen besøksrekord frå tidlegare, og styret er godt fornøgd med det.

Talet på selte billetter endte på 1936, av dette var selte festivalpass 184. Dette er mindre enn vi hadde som mål. Dette var omtrent som på budsjett, og ein klar oppgang frå året før.

Hovudgrunnen til differansen på besøkstal og selte billetter er at alle som hadde gjennomgangsbillett brukte denne flittig. Gjennomgangsbilletter har i tillegg til dei som kjøper dette alle frivillige og artistar, samt sponsorane. Tre andre faktorar som gjer seg gjeldande er at alle barn under 12 år går gratis på arrangement, at vi gav alle 5., 7. og 10. klassingar i Steinkjer kommune gratis inngang på forestillingar med Transjoik og Quintus og at fakkeltogget no får fleire tablå – det hadde over 30 tablå og skapte ei stor oppleving for alle som gikk med den flotte lyssettinga av byen. Vi vidareførte også suksessen frå dei to siste åra med at vi helga før det braka laus for alvor opna alle kunstutstillingane med gratis konsertar. Alle desse store gratisarrangementa gjorde at differansen er såpass stor.

### 3 Generelt om året

Totalt hadde vi i 2018 ca. 200 frivillige i sving, og mange la ned eit svært stort arbeid. Vi arbeider på mange område, og har stor aktivitet. Dette er det all grunn til å glede seg over.

#### Økonomisk resultat for Stiftinga Hilmar Alexandersen

Omsetninga i Stiftinga i 2018 var på kr 4 580 219,-

Årsresultatet viser eit underskot på kr. 73 232,-

Styret vedtar at dette blir tatt frå den frie eigenkapitalen.

Budsjett og program har vore tema på dei fleste styremøta, og økonomistyringa har vore god. Hovudgrunnen til underskottet er at kommune og fylkeskommunen ikkje gav støtte til arbeidet vårt som nordisk sekretariat.

#### Føresetnad for vidare drift

Rekneskapen er lagt fram under føresetnad av vidare drift. Styret stadfester at føresetnaden for vidare drift er til stades.

Til slutt vil styret takke alle som har gitt bidrag i form av tilskot, sponing og ikkje minst arbeidsinnsats for å få verksemda i 2018 vel i hamn.

Styret i Stiftinga Hilmar Alexandersen,


Steinkjer, 2.4.2019




Susanne Bratli  
styreleiar



Anne Haga  
nestleiar



Geir Egil Larsen



Grete Waaseth



Bjørn Ludvig Bergsmo



Johan Einar Bjerkem  
dagleg leiar

